

## **Høyringsuttale vedkomande sak til opplæringsutvalet - sak 2020/36638-1 – Organisering av fagskulane i Vestland.**

### **Kommentar til saksgang**

Styret ved Fagskulen i Sogn og Fjordane ønsker å gi ein merknad til saksutgreiinga i sak 2020/36638-1 – Organisering av fagskulane i Vestland. Lov om høgare yrkesfagleg utdanning § 9 og felles vedtekter for styra i Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskulen i Hordaland stadfestar i § 1-1 pkt. 3 at styra er fagskulane sitt øvste ansvarlege organ:

§ 1-1 pkt. 3 *Fagskulelova § 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.*

Skuleeigar si rolle er i vedtektene § 1-1 pkt. 4 omtalt slik:

§ 1-1 pkt. 4 *Skuleeigar skal utøve eigarskap på tre måtar*  
*a)Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret*  
*b)Finansiering*  
*c)Styret sine vedtekter*

I tråd med vedtekter og fagskulelova meiner styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane at saksutgreiinga om sak 2020/36638-1 - Organisering av fagskulane i Vestland, skulle ha vore handsama i styra for dei offentlege fagskulane i Vestland, eller i det minste ha vore sendt til høyring til styret. I den vidare samanslåingsprosessen ber styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane om å få utøve sitt ansvar og si mynde ved å få vere sakshandsamar før sakene vedkomande fagskulen går vidare til fylkesutval/fylkesting.

Saksutgreiinga beskriv mange av forholda som er aktuelle ved ei samanslåing av fagskulen ei Vestland. Tross dette vil styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane komme med kommentarar og synspunkt på vesentlege forhold.

### **Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane gir følgjande utale til saksutgreiing:**

#### **1. Vedkommande namn**

Prosjektnamnet bør vere «Vestland fagskule». Det framhevar Vestland i større grad og er eit smidigare namn å utale. Vi meiner fagskule er viktig merkenamn og bør brukast.

#### **2. Vedkommande omstillingsutval/prosjektstyre**

Samanslåinga bør prosjektorganiserast med ein prosjektrektor, slik det er vanleg i den vidaregåande skulen. Prosjektstyret bør bestå av begge styra – alle styremedlemene – for dei to offentlege fagskulane i Vestland. Styret for den nye fagskulen kan setjast saman på eit seinare tidspunkt.

Det er vesentleg at det vert sett av økonomiske og administrative ressursar til prosjektet. Moglegheit for å nytte ressursar frå administrasjonen i Vestland fylkeskommune vil vere aktuelt. Kapasitet og kompetanse i leiinga/administrasjonen til den nye fagskulen i Vestland vil vere avgjerande for at fagskulen kan bidra til utvikling av det regionale næringslivet, og samstundes ta nasjonale posisjonar.

Andre regionar, som nemnt i saksutgreiinga, har gjennomført samanslåing av fagskular slik som Vestland no står overfor. Erfaring frå Nordland og Høgskulen på Vestlandet viser at det har stor

verdi å greie ut organiseringa av den nye fagskulen i god tid før samanslåinga blir effektivisert. I utgreiinga er det mellom anna vesentleg å få fram kompetansebehova i den nye administrasjonen, og korleis den nye fagskulen skal utvikle sitt potensiale for kompetanseutvikling i regionen.

### **3. Vedkommande administrasjon**

Som eit ledd i å styrke arbeidet med den strategiske utviklinga bør fagskulen både ha rektor og pro-rektor. Dette vil styrke sentral leiing og ta i vare ansvaret for alle lokalisasjonane.

Lokalisasjonane må ha leiings- og utviklingsressursar slik at leiinga ved avdelingane kontinuerleg kan arbeide med kvalitet og utvikling av studietilbodet. Fagskulen sitt mandat krev nær kontakt med lokalt, offentleg og privat næringsliv. Den nye fagskulen må sette av kapasitet til dette arbeidet ved den enkelte avdeling og dermed bidra til relevant utdanning for næringslivet.

Det viktig at leiinga og administrasjonen i den nye fagskulen blir organiserte og opplærte slik at etterslepet frå gammal til ny lovgiving blir justert. Nye lover og forskrifter har bidratt til å styrke og framheve fagskulesektoren, men stiller også meir omfattande og høgare krav til både kvalitet og dokumentasjon for fagskulane. For å imøtekomme dei nye krava har både leiinga og administrasjonen behov for ny kompetanse. Nødvendig opplæring, og eventuell omorganisering/organisasjonsendring, er omfattande og kan medføre auka kostnader. Dette er eit nødvendig og viktig arbeid for prosjektet/prosjektrector.

Leiing og administrasjon vil ved ein fagskule kunne spesialisere seg på fagområde og dermed oppnå stordriftsfordelar. Kapasiteten vil kunne auke fordi mykje av arbeidet i leiinga og administrasjonen vil måtte gjennomførast uavhengig av tal studentar. Parallelt med auka kapasitet er det vesentleg å skape ei sterk leiing. Det kan gjerast ved å tildele leiingsressursar til dei einskilde avdelingane, og fordele overordna leiingsressursar mellom Nordnes og Førde.

### **4. Vedkommande styrking av lokalt næringsliv og utvikling av ei regional rolle**

For å kunne tilby lokalt næringsliv fleksible utdanningar og kortare kurs/modular, er det viktig at den nye fagskulen får tilført ressursar til ei utviklingsavdeling for kurs- og kompetanse. Denne utviklingsavdelinga må arbeide tett saman med avdeling for næring og innovasjon i fylkeskommunen.

Det geografiske Sogn og Fjordane har eit breitt utvikla næringsliv beståande av mange små og mellomstore bedrifter. Det er vesentleg å tilfredsstille deira kompetansebehov. I mange høve er fagskulen den einaste utdanningsinstitusjonen som kan tilby den relevante utdanninga grunna lange avstandar til andre utdanningsinstitusjonar.

Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane støttar vurderinga i saksutgreiinga om det viktige arbeidet med å styrke den administrative kapasiteten til den eventuelt nye fagskulen. Fagskulen kan på denne måten få anledning til å bygge opp ei større satsing på etter- og vidareutdanning (EVU) som gir støtte til kompetanseoppbygging i næringslivet. På denne måten kan tilsette kombinere arbeid med utdanning. Oppbygging av EVU vil kunne gi fagskulen vesentlege inntekter i framtida, både gjennom inntekter frå næringslivet og auke i statlege overføringar.

Mandatet til fagskulane er mellom anna å legge til rette utdanning for det lokale næringslivet. Ved samanslåing til ein fagskule er det viktig å legge til rette for eit breitt studietilbod ved lokalisasjonane. Det lokale næringslivet vil på denne måten kunne få dekkja sitt utdanningsbehov. Utvikling av fleksible, modulbaserte og digitale utdanningar som er tilpassa næringslivet kan løyse noko av utfordringa. Men det vil framleis vere behov for å vurdere

oppfyllingsgrad i forhold til lokalt næringsliv sitt kompetansebehov. Særleg med utgangspunktet i trenden der ungdom reiser til byane/større stader for å ta utdanning. Prosjektperioden må nyttast til å utgreie og utvikle nye fleksible, modulbaserte og digitale utdanningar fram mot samanslåinga.

Til tross for fleksible og digitale utdanningar vil det ved nokre lokasjonar i Vestland vere behov for stadbunden utdanning. Maritim utdanning i Måløy er ein stor del av FiSF si verksemd. Desse utdanningane er viktige for næringslivet, og må utviklast vidare for å møte behova for kompetanse i denne delen av fylket.

## **5. Vedkomande økonomi**

Saksutgreiinga seier: «Fylkeskommunen vil kunne få innsparingar på sikt ved å slå saman dei to fagskulane, og ein vil kunne oppnå viktige synergjar i høve til vidare vekst og utvikling av fagskuletilbodet i regionen».

Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane meiner også at det vil medføre innsparingar på nokre områder, men vil gjere merksam på at ei satsing på fagskulen vil medføre større kostnader. Det må arbeidast med at kostnadene blir finansiert av staten, men skuleeigar må og vere budd på auka kostnader. Ei satsing på å styrke fagskulen vil vere ein vesentleg faktor for å behalde kompetansen i dei høgteknologiske bedriftene Vestland sine distrikt.

## **6. Vedkomande studieavgift**

Fagskulen i Sogn og Fjordane har per i dag studieavgift på deltidsstudia. Styret meiner det ikkje bør vere studieavgift på det nivået Fagskulen i Sogn og Fjordane har i dag. Fagskulane i landet bør vere fullfinansierte på linje med UH-sektoren. Slik den økonomiske situasjonen er i dei offentlege fagskulane i Vestland, meiner styret likevel at studieavgifta bør vidareførast i den eventuelt nye Vestland fagskule. Bakgrunnen for innføring av studieavgift ved fagskulane er at overføringane frå staten ikkje er store nok til å fullfinansiere alle studium som næringslivet har behov for.

## **7. Vedkomande tidsprosess for samanslåing**

Styret foreslår at det eventuelt blir vedtak om samanslåing i juni og samanslåing av dei to fagskulane 1.1.2022.

Vedtak om ein eventuell fagskule i Vestland er utsett til fylkestinget i juni. I saksutgreiinga blir det foreslått å slå saman dei to fagskulane 1.1.2021. Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane meiner det er svært viktig å bruke god tid på arbeidet med å greie ut samanslåing av dei to fagskulane. Dette vil medføre ei kvalitetsheving og effektiv samanslåing. Samanslåingsprosessar som er lite utgreia medfører ofte frustrasjonar og lang tid med meirarbeid etter ei samanslåing. Basert på erfaring er samanslåing av skular enklare etter at studentane er starta opp. Ved skulestart er det mange rutinar og prosedyrar som skal etablerast. Samtidig skal relasjonar byggast. Dette tek stort fokus. Etter denne perioden vil samanslåing vere lettare både for studentar og personalet.